

STUDIEPLAN

Bachelorgradsprogram i historie

180 studiepoeng

UiT Noregs arktiske universitet, campus Tromsø

Studieplanen er godkjend av styret ved Institutt for historie og religionsvitenskap den 3. juni 2016.

Navn på studieprogram	Bokmål: Bachelorgradsprogram i historie Nynorsk: Bachelorgradsprogram i historie English: Bachelor's Degree Programme in History
Oppnådd grad	Bachelor i historie
Målgruppe	Målgruppe for studiet er studentar som ønskjer å skaffe seg ei grundig og systematisk innsikt i metodar og teoriar i historiefaget og oversyn over norsk og internasjonal historie frå mellomalderen og fram til i dag. I tillegg må søkjaren tilfredsstille opptakskravet. Sjå eige avsnitt.
Opptakskrav, forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskaper	Generell studiekompetanse eller realkompetanse. Tilrådd forkunnskap for realkompetanse er norsk, engelsk og samfunnsfag frå vidaregåande skule og 5 års relevant yrkeserfaring.
Faglig innhold og beskrivelse av studiet	<p>Historie er «vitskapen om endringar». Ofte treng ein langtidsperspektiv for å forstå raske endringar i eiga samtid så vel som langsame rørsler som har skapt det mangfaldet av samfunnsformer vi er omgitt av. Historie tar opp erfaringane frå tidlegare generasjonar, erfaringar som er fascinerande i seg sjølve, men som også aukar forståinga for mangfaldet i vår eiga tid.</p> <p>Studiet i historie gir ei innføring i faget frå mellomalderen til i dag, med vekt på norsk og internasjonal historie med ulike fordjupingar. Undervisninga er variert, og studentane blir vurdert gjennom tradisjonell eksamen, oppgåveskriving med rettleiing og munnleg evaluering. Vi vil utvikle både den kritiske lesaren og den gode skribenten. Difor er lesing av historiske framstillingar sentralt i studiet, ved sida av innslag av skriving og skrivetrening.</p> <p>Bachelorprogrammet i historie skal minimum ha historieemne tilsvarande 90 studiepoeng. I tillegg kjem 20 studiepoeng Ex.phil og Ex.fac som også er obligatoriske.</p> <p>Eit innføringsemne (10 studiepoeng) er ein obligatorisk del av bachelorgraden, for historie fortrinnsvis HIS-1000 (HIS-1050 nett) eller eit tilsvarande humanistisk eller samfunnsvitenskapleg innføringsemne på 1000-nivå.</p> <p>Av dei 90 studiepoenga i historie er det ein obligatorisk del på 50 studiepoeng (HIS-1001, -1002, -1003, -2001 og -2010). Dei resterande 40 studiepoenga vel ein mellom valemna. Av dei valfrie historieemna skal 20 studiepoeng vere på 2000-nivå.</p>

	<p>I første semester tar studentane Ex.fac (10 sp) og eit introduksjonsemne på 10 studiepoeng, til vanleg HIS-1000/HIS-1050. I tillegg kjem det moderne oversiktsemnet HIS-1003 (10 sp), som omhandlar perioden 1850-2000.</p> <p>I det andre semesteret får studentane i emna HIS-1001 og HIS-1002 eit breiare oversyn over norsk, europeisk og verdshistorie frå mellomalderen til ca. 1850. I tillegg tar studentane dette semesteret Ex.phil (10 sp).</p> <p>Dersom studentane ønskjer å ha eit studieopphald ved eit utanlandsk universitet, tilrår vi at dei gjer dette i tredje semesteret og då helst ved eit utanlandsk universitet som Institutt for historie og religionsvitskap har utvekslingsavtale med. Alternativt kan dette erstattast av minimum to valfrie emne på 1000-nivå i historie som gir fordjuping i ulike tema og kronologiske periodar. Fjerde og femte semesteret kan brukast på støtteemne frå andre fag enn historie. Sjette og siste semesteret blir bachelorstudiet avslutta med eit teori/metodekurs med vekt på kjeldekunnskap, ei obligatorisk bacheloroppgåve (10 sp) og eit valfritt 10-poengsemne på 2000-nivå i historie.</p> <p>Alle emna skal som hovudregel gå gjennom heile semesteret, dvs. at ein studerer fleire emne parallelt.</p>
<p>Tabell: oppbygging av studieprogram</p>	<p>Historiefaget gir høve til spesialisering. Vi har sett opp eit oversyn over døme på emne som ein kan kombinere historieemna med for å få slike spesialiseringar.</p> <p>Vi gjer merksame på at det kan vere hindringar i vegen for å kunne delta på enkelte emne, både i høve til kva tid dei blir tilbydd og i høve til opptakskrav.</p> <p>Dersom ein tenkjer i retning av ei forskarutdanning og reknar med å gå vidare på masternivå, kan det vere aktuelt å trekkje inn støtteemne og valfrie emne i historie som byggjer opp under den spesialiseringa ein har.</p>

	Semester	10 studiepoeng	10 studiepoeng	10 studiepoeng
	1. semester	Examen facultatum ved HSL-fakultetet	HIS- 1000 Introduksjon til historiefaget: Historias kva, korleis og kvifor	HIS-1003 Nasjonalisme, imperialisme og globalisering 1850-2000
	2. semester	HIS-1001 Europa blir forma frå år 1000 til 1500	HIS-1002 Handelskapitalisme, statsmakt og revolusjonar 1500- 1850	Examen philosophicum ved HSL- fakultetet
	3. semester	Utveksling eller valfritt HIS-emne på 1000-nivå	Utveksling eller valfritt HIS-emne på 1000-nivå	Utveksling eller valfritt HIS-emne på 1000-nivå
	4. semester	HIS-2001 Historie sett i lys av kjeldene	Valfritt emne	Valfritt emne
	5. semester	Valfritt emne	Valfritt emne	Valfritt emne
	6. semester	HIS-2010 Bacheloroppgåve i historie	Valfritt HIS-emne på 2000- nivå	Valfritt HIS- emne på 2000- nivå
Læringsutbytte- beskrivelse	<p>Etter bestått studieprogram skal kandidatane ha følgende læringsutbytte:</p> <p>Kunnskapar: Kandidaten har:</p> <ul style="list-style-type: none"> • god oversikt over norsk og internasjonal historie frå rundt år 1000 og fram til i dag. • særskild god innsikt i nokre sentrale historiske tema, teoriar og forskingstradisjonar både i eldre historie (før 1750) og i nyare historie. • god kunnskap om korleis historiske hendingar kan periodiserast innanfor kronologiske rammer. • god kunnskap om sentrale kjelde- og metodespørsmål i historiefaget. • kunnskap om kva som skil faghistorie frå annan historieskriving. • kunnskap om kva som skil historiefaget frå andre humanistiske fag og samfunnsfag. • forståing for korleis historisk kunnskap blir etablert. <p>Ferdigheiter: Kandidaten kan:</p> <ul style="list-style-type: none"> • drøfte historiske problemstillingar og gjere kritiske vurderingar av historiske framstillingar. 			

	<ul style="list-style-type: none"> • analysere historiske data, kjelder og litteratur og trekkje sjølvstendige konklusjonar basert på dette materialet. • skrive faghistoriske arbeid av eit visst omfang på eiga hand. • lese historiografiske tekstar eller originale dokument på sitt eige språk eller på andre språk • oppsummere og/eller skrive av og katalogisere informasjon på formålstenleg vis • bruke elektroniske informasjons- og søkjeværktøy til dømes på bibliografisk materiale, arkivmateriale og elektroniske referansar <p>Generell kompetanse: Kandidaten skal kunne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • arbeide sjølvstendig med ei gitt problemstilling. • handsame store informasjonsmengder og kunne formidle hovudpunkta både munnleg og skriftleg. • setje seg inn i nye problemfelt og kunne analysere saker frå fleire sider. • akademisk argumentasjonsteknikk og kunne dokumentere skriftleg arbeid på ein vitenskapleg måte.
	<p>Etter fullført studieprogram oppnår ein graden bachelor i historie.</p> <p>Historie er ei utdanning som gir god basiskompetanse innanfor mange fagområde. Historie kvalifiserer difor til arbeid i fleire bransjar og sektorar: offentleg administrasjon og forvaltning, museum og arkiv, internasjonalt arbeid, forlag/media, journalistikk, reiseliv og forskning.</p> <p>Ein bachelor i historie kvalifiserer for masterstudium i historie og ulike typar tverrfaglege masterstudium der historie inngår. Med bachelorgrad kan du søkje opptak til mastergrad i historie. Graden er også opptaksgrunnlag til master i visuelle kulturstudium og fleire tverrfaglege masterstudium, mellom anna urfolksmasteren og fredsmasteren ved UiT Noregs arktiske universitet. Det er mogleg å kvalifisere seg til å bli lærar i ungdomsskolen og vidaregåande skole dersom ein tar praktisk-pedagogisk utdanning etter eit bachelor- og mastergradsstudium. Med eit biblioteksfagleg årsstudium i tillegg til bachelorstudiet i historie, kvalifiserer ein også til stilling som bibliotekar.</p>
Arbeidsomfang og læringsaktiviteter	Undervisninga blir gitt i form av førelesingar, seminar, studentinnlegg, oppgåveskriving, rettleiing i samband med

	<p>skrivning og ekskursjonar. Gjennom dei ulike undervisningsformene får studentane høve til å fokusere fagleg og studere viktige tema ut frå ulike tilnærmingar. Undervisningsform og omfang er nærmare formulert i dei enkelte emneskildringane.</p>
Eksamen og vurdering	<p>Eksamen varierer mellom skoleeksamen, heimeeksamen, mappevurdering og munnleg eksamen. Eksamensforma er tilpassa art og innhald i emna, og dei ulike eksamensformene er valde for å prøve studentane i ulike typar kunnskap, og/eller for å gi dei høve til å utvikle kompetanse i både skriftleg og munnleg presentasjon av stoffet. Nokre emne har obligatoriske arbeidskrav som må vere avlagde og godkjende før endeleg eksamen i emnet kan leverast.</p>
Undervisnings- og eksamensspråk	<p>Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Eksamensspråket er normalt norsk, men det kan også gjevast høve til å skrive oppgåver og eksamenssvar på andre språk. Det må eventuelt avtalast med instituttet på førehand.</p>
Internasjonalisering og utveksling	<p>Det blir sterkt tilrådd at ein tar eit studieopphald ved ein av instituttet sine samarbeidsinstitusjonar i utlandet, helst i det tredje semesteret. Instituttet har avtalar om utveksling med desse universiteta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Syddansk universitet, Danmark • University of Aberystwyth, Wales, Storbritannia
Administrativt ansvarlig og faglig ansvarlig	<p>Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning og Institutt for historie og religionsvitskap v/programstyre for historie.</p>
Kvalitetssikring	<p>Alle emna blir evaluerte ein gong i løpet av programperioden. Programstyret avgjer kva slags emne som skal evaluerast av studentar og lærar kvart år.</p>